

# Møteinnkalling

---

**Utvalg:** Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen  
**Møtested:** Telefonmøte  
**Dato:** 12.09.2014  
**Tidspunkt:** 08:00

---

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf 948 80 564 eller 947 89 126.  
Vararepresentantar kan bli innkalla ved behov.

Som oppfølging av sak om pilot i besøksforvaltning blir det med dette kalla inn til **telefonmøte fredag 12. september kl 08:00**, som avtala i styremøtet 27.08.14.

**For å kople til telefonmøtet gjer de følgjande:**

1. Ring **800 88 860**
2. Etter informasjon tastar de koden: **605747** og avslutte med #

Med helsing

Kari Sveen  
nasjonalparkforvaltar

## Saksliste

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Lukket</b>	<b>Arkiv- Saksnr</b>
ST 40/2014	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 41/2014	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Pilot for besøksforvaltning - Innfallsport for utvikling av tilrettelegging - utlysing av konkurransen		2014/712
ST 42/2014	Jotunheimen nasjonalpark - ulovleg behandling av avfall		2014/5756
ST 43/2014	Eventuelt		2003/4333

---



Arkivsaksnr: 2014/712-15

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 09.09.2014

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	41/2014	12.09.2014

## Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Pilot for besøksforvaltning - Innfallsport for utvikling av tilrettelegging - utlysning av konkurranse

### Forvaltar si innstilling

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen sluttar seg til forslaget om utlysning av ein konkurranse som omfattar ein moglegheitsstudie som dekkjer innfallsportane Krossbu, Turtagrø og Sognefjellshytta. Studien skal vera eit tilstrekkelig grunnlag til ein open konkurranse om prosjektering av ein innfallsport for oppsetting sommaren 2015.

Nasjonalparkstyret gjer det endelege valet frå moglegheitsstudien, ut ifrå eit strategisk val basert på kva mål ein primært ønskjer å oppnå med tilrettelegging av ein profilert innfallsport.

Det blir etablert tettare dialog med Nasjonale Turistveger for å få synleggjort nasjonalparkprofilen i den samla tilrettelegginga som skal skje ved Gjendeosen og på Reinsvangen i regi av turistvegprosjektet.

### Saksopplysningar

Saksdokument:

- Sak 38/2014 i nasjonalparkstyret, med tilhøyrande bakgrunnsdokument.

Nasjonalparkstyret behandla i møte 27.08.14 sak om innfallsport for tilrettelegging av pilot. I sak 38/2014 vart det gjort slik vedtak:

*Saka vert utsett, med oppdrag til forvaltarane om å utgreie Gjendeosen med Reinsvangen i tillegg til dei dei vurderingane som er gjort i saka som vart lagt fram.*

*Nasjonalparkstyret er innstilt på å velja ein lokalitet å gå vidare med.  
Nytt møte avtala som **telefonmøte 12.09.14 kl 08:00***

*Alle er samde om Juvflye ikkje treng nærare utgreiing enn det som er gjort i saka.*

I diskusjonen vart det også stilt spørsmål ved om ikkje Sognefjellshytta burde vore nærare vurdert.

Som oppfølging etter styrebehandlinga vart det teke kontakt med prosjektleiar i Turistvegprosjektet for Gjendeområdet, Grethe Kongshaug, for nærare dialog om tilrettelegging ved Gjendeosen og Reinsvangen. Det har frå før vore ein kontakt mellom Turistvegprosjektet og Miljødirektoratet om dette området, og tilråding frå direktoratet saman med eigne vurderingar gjorde at ein i saksbehandlinga til sak 38/2014 «kvitterte» ut Gjendeosen som uaktuell lokalisering pga framdrifta her. Dette vart gjort utan god nok involvering av styret, og ein ser at styret og nasjonalparkforvaltarane for Jotunheimen må trekkjast tettare inn i dialogen med Statens Vegvesen. Då kan ein få ei betre forankring og nødvendig samspel med ei tilrettelegging som ikkje berre er turistvegsatsing, men også ei tilrettelegging av den mest sentrale av alle innfallsportane til Jotunheimen. Dette er plassen med enklast tilgang til nasjonalparken, da det her er berre eit par hundre meter frå parkeringsplass til nasjonalparkgrense. Plassen er derfor svært godt eigna for å leggje til rette for kortare turar, slik brukarundersøkingar og besøksstrategi viser at det er stor interesse for. Samstundes er denne plassen med enkel tilgang via Gjendebåten den mest trafikkerte innfallsporten også når det gjeld tradisjonelle fjellturar inn i Jotunheimen, der dagstur over Besseggen er det største trekkplasteret. Men Gjendesheim er også eit populært utgangspunkt for vandringar frå hytte til hytte, og det samla tilbodet her gjev grunnlag for kollektivtilbod mot Otta og Beitostølen/Fagernes, i tillegg til direkte buss til/frå Oslo i høgsesongen. Dette gjer plassen er tilgjengeleg også for dei som ikkje kjører privatbil.

På bakgrunn av denne sentrale posisjonen ønskte styret å få ei nærare vurdering av tilrettelegging på Reinsvangen, da dei innsåg at planane på Gjendeosen gjer det urealistisk å gjennomføre tilrettelegging der innan gjevne tidsfristar i pilotsatsinga. Reinsvangen er avlastingsparkering i dag, og er regulert som hovudparkering for Gjende når reguleringsplanen for Gjendeosen-Reinsvangen vert gjennomført i regi av Nasjonale Turistveger. På grunnlag av styrebehandlinga 27. august vart det gjort avtale om møte med Nasjonale Turistveger på Lillehammer den 4. september, der også Miljødirektoratet var representert ved avd.dir. Olav Nord-Varhaug og seniorrådgjevar Asgeir Meland, i tillegg til begge nasjonalparkforvaltarane. Det er planar om opprusting og tilrettelegging også på Reinsvangen, og i møtet vart det drøfta korleis ein ny innfallsport eventuelt kunne tilpasse seg vegvesenet sine planar.

## **Vurdering**

Møtet med Nasjonale Turistveger var positivt i høve til å få tettare dialog for å innarbeide ønskje/behov frå nasjonalparkforvaltninga i tilretteleggingane på Reinsvangen og ved Gjende. Frå forvaltninga vart behovet for god involvering sterkt understreka, da ein ikkje vil få til ei god profilering av nasjonalparken utan å ha det med som eit element under planlegging og prosjektering av området. Nasjonale Turistveger er positive til nærare samarbeid, men dei er avhengige av å få på plass avtale om bruk av grunn m.m. for å setja i gang tilrettelegginga, og ein ser at framdrifta deira gjer det vanskeleg å få starta arbeidet med piloten allereie i 2015. Uansett vil ein kunne nyttiggjera seg installasjonane som er planlagde ved Gjende og på Reinsvangen, slik at ein her kan få plass for informasjon og tydelegare velkomst til nasjonalparken utan

sjølve å måtte investere så mykje i faste konstruksjonar. Bygging av ein innfallsport som ein frittstående konstruksjon på ledig areal utanom vegvesenet sitt anlegg på Reinsvangen vil gje eit meir uryddig inntrykk, og neppe verta optimalt med tanke på å møte tilreisande med tydeleg og samordna informasjon. Deltakarane på møtet 4. september var samde om at beste løysinga for profilering av Jotunheimen nasjonalpark ved innfallsporten Gjende vil vera eit nært samarbeid med Nasjonale Turistveger for å få integrert innfallsporten til nasjonalparken i den samla tilrettelegginga som skal skje her. Prosjektleiaren for NT ved Gjende stilte seg svært positiv til å koma til eit møte i nasjonalparkstyret og presentere planane og få synspunkt frå styret.

Ved behandlinga i styremøtet 27. august er det gjort eit val om at tilrettelegginga skal skje nær ein hovudveg. Praktiske omsyn knytt til framdrift i Gjendeområdet gjer at ein står att med innfallsportane langs Sognefjellsvegen som gjennomførbare i 2015. Miljødirektoratet tilrår at ein vurderer alle desse tre i det vidare arbeidet: Krossbu, Sognefjellshytta og Turtagrø.

Det hastar med å få sendt ut tilbodsdokument til aktuelle bidragsytarar, og direktoratet meiner det kan vera nyttig å lyse ut ein litt breiare moglegheitsstudie, der ein kjører konkurransen med tre inviterte konsulentar. Oppdraget blir å lage ein moglegheitsstudie som dekkjer Krossbu, Turtagrø og Sognefjellshytta. Studien vil danne eit tilstrekkelig grunnlag for ein open konkurransen om prosjektering av ein innfallsport for oppføring sommaren 2015. Invitasjonen må gå ut 16.09 for å få på plass kontrakt før midten av oktober. Feltarbeidet må utførast straks etter dette. Miljødirektoratet tek på seg gjennomføring av den formelle anbudsprosessen for studien, medan forvaltarane skaffar kartgrunnlag og står for kontakt og avklaringar med grunneigarar og reiselivsbedrifter. Direktoratet føreset at Nasjonalparkstyret står for den opne konkurransen for endelig prosjektering av den valde innfallsporten, men dei kan om ønskjeleg bistå også i det vidare arbeidet. På denne måten kan ein vente med endeleg avgjerd til ein har eit betre grunnlag, samstundes som ein har eit opplegg som kan sikre oppstart sommaren 2015.

Det er utfordrande å arbeide med ei konkret tilrettelegging, samstundes med at andre aktørar arbeider med den visuelle profilen som skal synleggjerast på pilotinnfallsporten. Moglegheitsstudien gjer at ein kan få fram skisser som visualiserer styrke og svakheiter ved dei ulike alternativa. I tillegg er det viktig å tenkje over kva ein kan oppnå i høve til verdiskaping og forvaltningsmessige spørsmål på dei ulike plassane.

Også i diskusjonen i styremøtet 27. august vart dette framheva: Ein burde først hatt ein overordna diskusjon og definert kva mål ein har med tilrettelegginga, før ein går over til å drøfte lokalisering. Ein slik diskusjon, saman med moglegheitsstudien for dei tre innfallsportane, vil verta eit godt grunnlag for å velja den mest eigna lokaliteten for pilotsatsinga.

### **Konklusjon**

Det vert tilrådd at ein som første trinn sluttar seg til forslaget om ein moglegheitsstudie for Krossbu, Sognefjellshytta og Turtagrø. Når studien ligg føre, vil styret ha eit godt grunnlag for å gjera det endelege valet av innfallsport som skal leggest til rette som pilot. Dei tre innfallsportane som vert foreslått inn i moglegheitsstudien har ulike kvalitetar og ulike forvaltningsmessige utfordringar, men alle kan fungere som stoppestad for å finne ut meir om Jotunheimen, men også om naboparken Breheimen. Styret må gjera eit strategisk val ut ifrå kva mål dei har med ei slik tilrettelegging for synleggjering og profilering av nasjonalparken.